



Arkivnr: 2016/34309-1

Saksbehandlar: Bente Utne

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		01.12.2016
Fylkesutvalet		08.12.2016
Fylkestinget		13.12.2016

## Oppgradering av Fv 218 til Horsøy - Askøy kommune

### Samandrag

Askøy kommune søker i brev av 11.11.2016 om forskottering på vegne av Schlumberger Norge AS og Askøy kommune for å finansiera oppgradering av Fv 218 til Horsøy. I tillegg er det behov for eit fylkeskommunalt bidrag til prosjektet.

Fylkesrådmannen ser på dette som eit godt og viktig prosjekt. Fylkesrådmannen foreslår i denne saka å godkjenna prosjektet innafør ei ramme på 100 millionar kroner inklusive mva, eller 82-84 mill kr eksklusive mva. med slik finansiering:

- Schlumberger Norge AS: forskot 50 mill kr. Refusjon 25 mill kr etter 3 år og refusjon 25 mill kr etter 6 år frå ein eventuell framtidig Askøypakke 2.
- Askøy kommune: forskot 16-17 mill kr. Refusjon frå ein eventuell framtidig Askøypakke 2.
- Hordaland fylkeskommune: tilskot på 16-17 mill kr. Tilskotet vil bli omgjort til eit fylkeskommunalt bidrag i ein eventuell framtidig Askøypakke 2.

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget ser positivt på utvikling av industriområde og nye arbeidsplassar generelt, og på Horsøy i Askøy kommune slik det framgår i denne saka.
2. Fylkestinget godkjenner Hordaland fylkeskommune sitt tilskot til prosjektet, avgrensa til 17 millionar kroner. Prosjektet har ei ramme på inntil 100 millionar kr inklusive meirverdiavgift. Tilskotet vil bli omgjort til eit fylkeskommunalt bidrag i ein eventuell Askøypakke 2.
3. Fylkestinget legg til grunn at prosjektet blir tatt inn i budsjett for 2018 / 2019, og eventuelt ei mindre budsjettjustering i 2017.

4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtaler i samsvar med denne saka

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Søknad frå Askøy kommune
- 2 Sak 116/16 Askøy formannskap
- 3 Horsøy industriområde - historikk

## Fylkesrådmannen, 17.11.2016

### Om søknaden

Askøy kommune søker i brev av 11.11.2016 (vedlagt) om forskottering på vegne av Schlumberger Norge AS og Askøy kommune for å finansiera oppgradering av Fv 218 til Horsøy. I tillegg til forskottering er det behov for fylkesvegmidlar til prosjektet. Forskotteringane er planlagt finansiert i ein revidert Askøypakke (Askøypakke 2). Prosjektet «Fv 218 til Horsøy» er tenkt som eit prosjekt med høg prioritet i revidert pakke.

### Om prosjektet

Fv 218 er tilkomstveg til industriområdet på Horsøy, og er ein del av det overordna fylkesvegnettet. Vegen har i dag eitt køyrefelt med møteplassar. Det er utarbeidd privat reguleringsplan for oppgradering av vegen, og planen vart godkjent av Askøy kommune 20.06.2013. Oppgraderinga inneber tofelts veg og 2,5 meter breitt fortau.

Schlumberger Norge AS, som eig industriområdet og verksemda OneSubsea på området, vurderar å auka aktiviteten på Horsøy. Dette gjeld både flytting av utanlandske arbeidsplassar til området, og utvikling av eit «industrielt kompetansesenter».

### Kostnader for prosjektet

I søknaden frå Askøy kommune er kostanden vurdert til 80 mill kr inklusive mva, men for å ta høgde for risiko er kostnadsestimatet sett opp til 100 mill kr inklusive mva. Til grunn for kostnadsestimatet ligg eit usikkert grunnlag frå Statens vegvesen. Det er ikkje gjort grunnundersøkingar eller tilsvarande.

Askøy kommune svarar i e-post til samferdselsavdelinga av 17.11.16 at grunnerverv ikkje vil fordyra, og sannsynlegvis heller ikkje forsinka prosjektet.

Etter kvart som arbeidet/prosjekteringa går fram vil ein få eit sikrare kostnadsanslag. I dette prosjektet vil fylkesrådmannen føreslå at **100 mill kroner inklusive mva** vert sett som øvre ramme på prosjektet. Om det skulle visa seg at prosjektet blir dyrare, må ein avgrensa prosjektet til ramma.

### Finansiering

Askøy kommune har i søknaden er planlagt slik finansiering:

*Rådmannen i Askøy kommune har i samarbeid med Fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune utarbeidd en modell for finansiering av veiprojektet. Modellen er godkjent politisk i Askøy kommune (F-sak 116/16).*

*Modellen går ut på at en Askøypakke 2 finansierer veien med følgende forskutteringer og refusjon:*

- Schlumberger Norge AS forskutterer med 50 mnok.
- Schlumberger Norge AS dekker kostnader fortløpende inntil 50 mnok og får refundert sine kostnader i to rater, 3 og 6 år etter at veien er ferdig, 50% i hver omgang. Det gis ikke kompensasjon for renter og prisstigning.
- Hordaland fylkeskommune og Askøy kommune forskutterer 50% hver av kostnadene utover dette.
- Askøy kommunes forskuttering refunderes av Askøypakke 2.
- Hordaland fylkeskommune omgjør forskuttering til tilskudd etter Askøypakke 2 er vedtatt. Forskutteringen/tilskuddet vil bli en del av Hordaland fylkeskommune sitt bidrag til Askøypakke 2.

Kommentar: Hordaland sitt andel av finansieringa kan meir presist kallast eit bidrag/tilskot. Såframt Askøypakke 2 blir realisert, vil dette vera å sjå på som (deler av) det fylkeskommunale bidraget i pakken. Dersom ikkje pakken skulle bli realisert, vil dette vera fylkeskommunen sitt bidrag til prosjektet.

Ein legg til grunn at meirverdiavgifta blir refundert gjennom kompensasjonsordninga. Dersom kostnaden blir 100 mill kr, og gjennomsnittleg moms utgjer 22%, blir nettokostnad 82-84 mill kr. Etter forskottering frå Schlumberger på 50 mill kr, blir kommunen si forskottering og fylkeskommunen sitt bidrag i Askøypakke 2, omlag 16-17 mill kr på kvar. Askøy kommune vil få sitt forskot refundert gjennom bompengepakken.

### **Risiko for Askøy kommune og fylkeskommunen**

Det vert vist til vedlagt utskrift frå Askøy formannskap, sak 116/16. Askøy kommune vil i 2017 starta opp arbeidet med revisjon av dagens Askøypakke. Vegen til Horsøy vil bli høgt prioritert i den pakken.

Som det går fram av saka er Askøy kommune innforstått med risikoen dette inneber. Om kommunen, fylkestinget eller Stortinget **ikkje** skulle godkjenna bompengesøknaden til Askøypakke 2, vil dette vera kommunen sitt ansvar. I eit slikt høve vil Askøy kommune måtte finne ny finansiering av prosjektet. Dersom det ikkje er mogeleg, vil Askøy kommune måtte innfri forskotet frå Schlumberger Norge AS. I tillegg vil kommunen si eiga forskottering ikkje bli refundert. Dette vil gi kommunen kostnader på omlag 66 millionar kroner.

For Hordaland fylkeskommune er risikoen avgrensa til tilskotet; inntil 17 mill kr.

### **HFK-andel i vegpakkar**

Hordaland fylkeskommune har løyvd midlar til alle bompengeprojekt på fylkesveg så langt. 10% av nettokostnad (kostnad utan mva) har ofte vore nytta som eit utgangspunkt for planlegging. Kor store bidrag ein i framtida kan leggja i nye og reviderte vegpakkar må vurderast konkret i forhold til økonomiske rammer og behov ut frå ei heilskapleg og overordna prioritering.

### **Byggherre**

Det er ikkje avklart kven som skal vera byggherre for prosjektet. Det mest nærliggjande vil vera at Statens vegvesen ved Askøypakkeprosjektet er byggherre, men dette må avtalast i ettertid. Alternativet til Statens vegvesen er at Askøy kommune eller Schlumberger Norge AS er byggherre.

### **Planlagt framdrift og budsjett**

Dette er ikkje planlagt no. Etter positivt vedtak i fylkestinget må avtalar underskrivast. Prosjektering og anbod vil sannsynlegvis ta minst eitt år. Dermed er byggstart ikkje sannsynleg før tidlegast i 2018.

Budsjettkonsekvensar for HFK: Det er sannsynleg behov for ein mindre sum til prosjektering i 2017. Hovudtyngda av kostnader vil sannsynlegvis komma i 2018 og 2019.

Denne saka/søknaden kom til fylkeskommunen etter at det var for seint å gjera endringar i plan- og byggeprogram for 2017 og budsjett og økonomiplan for 2017-2020, og er dermed ikkje inne i desse dokumenta.

### **Fylkesrådmannen sine merknader**

Fylkesrådmannen er positiv til utvikling av industriområde og nye arbeidsplassar generelt, og på Horsøy slik det framgår i denne saka. Ein ser behovet for opprustning av vegen. Likevel er det mange behov og ønskje i heile fylket for betre vegar.

Ettersom kostnadsestimatet er så usikkert som i denne saka, er det naturleg å setja ei øvre ramme på prosjektet. Dermed må prosjektet avgrensast/reducerast om det skulle visa seg at kostnaden blir høgare enn 100 mill kr.

Askøy kommune har på kort tid funne fram til ein modell for finansiering til det aktuelle vegtiltaket og for å tilretteleggja for næringsutvikling i kommunen. Vanlegvis tar slike prosjekt langt meir tid enn i denne saka. Dermed er ikkje alle forhold avklart pr dags dato.

Fylkesrådmannen vil tilrå at fylkeskommunen bidreg til at prosjektet blir realisert, men HFK har avgrensa handlingsrom. Fylkesrådmannen meiner likevel at dette prosjektet er så viktig at eit fylkeskommunalt bidrag på 16-17 mill kr kan forsvarast. Hovudtyngda av utgiftene er sannsynlege i 2018 eller seinare. Det blir lagt til grunn at tilskotet vil bli omgjort til fylkeskommunalt bidrag i ein eventuell framtidig Askøypakke 2.

Fylkesrådmannen vil understreka at fylkeskommunen tar ein avgrensa risiko om ikkje Askøypakke 2 blir realisert. Det er Askøy kommune som får ansvar for eiga forskottering og Schlumberger Norge AS si forskottering om Askøypakke 2 ikkje blir realisert.

Prosjektet kjem fram rett før Regional Transportplan 2018-2029 vert lagt ut på høyring. Handlingsplanen til RTP kjem også i 2017. Det er ikkje avklart kva prosjekt som vil nå opp med fylkeskommunale løyvingar i neste periode.